

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen  
**Dato:** 11.09.2019  
**Tidspunkt:** 11:00 – 12:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Navn                     | Funksjon  | Representerer |
|--------------------------|-----------|---------------|
| Gunnar Bakke             | Medlem    | FRP           |
| Siri Klokkerstuen        | Medlem    | A             |
| Anita Garlid Johannessen | Medlem    | FRP           |
| Neshe Lie                | Medlem    | H             |
| Sara Hamre Sekkingstad   | Medlem    | SP            |
| Espen Berntsen           | Medlem    | A             |
| Katrin Innvær Ankervold  | Medlem    | A             |
| Kjell Gitton Håland      | Nestleiar | A             |
| Geir Kjell Andersland    | Medlem    | FL MDG/V      |
| Olav Kvinge              | Medlem    | H             |
| May Eva Sandvik          | Medlem    | H             |
| Gro Berge                | Medlem    | A             |
| Tor André Ljosland       | Leiar     | KRF           |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|      |           |               |

**Merknader**
**Frå administrasjonen møtte:**

| Navn                      | Stilling  |
|---------------------------|---|
| Per Morten Ekerhovd       | Fylkesdirektør kultur og idrett                   |
| Elisabeth Bjørsvik        | Kst. fylkesarkivsjef                              |
| David J. Aasen Sandved    | Kst. fylkeskonservator                            |
| Bård Sandal               | Fylkesdirektør regionalavdelinga                  |
| Eva Katrine Ritland Taule | Fagleiar kommuneplan                              |
| Sølve Dag Sondbø          | Seksjonsleiar for klima- og naturressursforvaltn. |
| Britt Karen Spjeld        | Fylkesidrettssjef                                 |
| Bjørg Larsen              | Seniorrådgjevar Kultur og idrett                  |

Odd Kenneth Mellingen  
 - møtesekterær

**Sakliste**

| <b>Utvals-saknr</b> | <b>Innhald</b>  | <b>Arkiv-saknr</b> | <b>U.Off.</b> |
|---------------------|---|--------------------|---------------|
| PS 111/19           | Godkjenning av innkalling og saksliste  |                    |               |
| PS 112/19           | Godkjenning av møtebok frå forrige møte   |                    |               |
| PS 113/19           | Referatsaker (meldingar)  |                    |               |
| RS 59/19            | Konferansen Vi - Oslo 24. - 25. sept 2019   | 2017/181           |               |
| RS 60/19            | Barne- og ungdomskulturmelding og idrettsmelding - invitasjon til møte 27. september 2019                           | 2019/15737         |               |
| RS 61/19            | Idrettscampus Bergen, referat frå styringsgruppemøte 14.8.19  | 2016/299           |               |
| RS 62/19            | Invitasjon til møte 27. september 2019 om stortingsmelding om idrett og stortingsmelding om barne- og ungdomskultur | 2019/16013         |               |
| PS 114/19           | Innkomne spørsmål frå politikarane  |                    |               |
| PS 115/19           | Ymse  |                    |               |
| PS 116/19           | Uttale til høyring av sykkelstrategi for Bergen 2019-2030.  | 2019/16266         |               |
| PS 117/19           | Svar på høyring - Miljødirektoratet - forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner                     | 2019/16007         |               |
| PS 118/19           | Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkje   | 2018/9625          |               |
| PS 119/19           | Nasjonal ramme for vindkraft  | 2019/10233         |               |
| PS 120/19           | Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskot til regional utvikling 2019                                | 2019/12669         |               |
| PS 121/19           | Fråsegn til områdeplan for Lyseparken - Offentleg ettersyn - Os kommune   | 2015/258           |               |

## **PS 111/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

Medlem Olav Kvinge (H) viste til at ein del av sakspapira vart sendt ut litt seint med tanke på at dei skal sendast ut ei veke på førehand.

Utvalsleiar Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram forslag til å flytte sak 121/19 Fråsegn til områdereguleringsplan for Lyseparken - Os kommune fram som første sak i møtet. Utvalet hadde ingen merknad til det.

#### **Vedtak**

Innkallinga og sakslista vart godkjende med dei merknadane som er nemnd over.

## **PS 112/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

#### **Vedtak**

Møtebok frå møte 20.08.2019 vart godkjend slik den låg føre.

## **PS 113/19 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

RS 59/19 – RS 62/19 vart refererte.

## **PS 114/19 Innkomne spørsmål frå politikarane**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

Det var ingen innkomne spørsmål til møte i utvalet.

## **PS 115/19 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

Spørsmål frå medlem Kjell Håland (A) om ei orientering om planlagt synfaring 27.09.2019.  
Leiar seksjon for Plan – Eva Kathrine R Taule orienterte.

## **PS 116/19 Uttale til høyring av sykkelstrategi for Bergen 2019-2030.**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny sykkelstrategi for Bergen 2019-2030, og meiner den gir eit godt grunnlag for å auka delen syklande fram mot 2030.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.09.2019**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag på vegner av SV, A, Sp, KrF, V og MDG:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny sykkelstrategi for Bergen 2019 – 2030, og meiner den svært viktig å komme ut med ein sykkelstrategi som er i tråd med nullvekstmålet og som realiserer dei ambisjonane som Bergen i mange år har hatt for auke i sykkel. Trass i sykkelsatsinga dei seinare åra syner reisevaneundersøkingane for 2008, 2013 og 2018 ein vedvarande låg sykkeldel på 3-4 % av alle reiser i Bergen. Ein har ikkje på noko vis klart å nå måla.
2. Under punkt Sykkelnett, Satsing 1 (s.23): «Det offentlige skal sørge for at tilrettelegging av prioritert del av sykkelnettet». Ansvar: «vegeigarane». Samtidig syner evalueringa til at noko av grunnen til manglande måloppnåing i førre strategi var: «Fagleg usemje som medfører lange planprosessar har vore medverkande til manglande måloppnåing». Strategien peiker ikkje ut ein tydeleg strategi for korleis sikre god dialog og gjennomføringskraft for vegar der kommunen sjølv ikkje er vegeigar, og på kva måte ein skal sikre både sykkel og kollektiv, på bekostning av privatbil. Dette er alt for uklart i utkastet til ny strategi. Sykkelstrategien bør legge opp til tettare samarbeid mellom dei ulike fagmiljøa og ansvarleg myndighet som skal realisere sykkelstrategien. Fylkesutvalet meiner at i mangel av realiserte sykkelvegar og manglande måloppnåing, så bør Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, innanfor rammene av miljøloftet, gå saman om å etablere eit sykkelkontor med planleggingskapasitet (etter modell frå bybanekontoret). Sykkelkontoret skal involverast i all trafikkplanlegging og sikre at dei ulike aktørane sit i same rom og har eit felles ansvar for gjennomføring.
3. Gjeldande framlegg til sykkelstrategi nemner knapt omdisponering av veg til privatbil og parkeringsplassar til fordel for sykkel og sykkelvegar. For å kunne realisere dei ambisjonane som sykkelstrategien legg opp, meiner fylkesutvalet at det er behov for å prioritere sykkelvegar framfor vegkapasitet til privatbil og parkeringsplassar i Bergen, og at sykkelstrategien bør tydeleggjere vegar der ein omdisponerer bilveg til syklande.
4. Sykkelnett, Satsing 2: «Premisser for val av sykkelvennleg utforming må klargjerast». Dette er kanskje den viktigaste satsinga å få til, og strategien er uklar. Her burde ein ha klart å legge til grunn god praksis frå andre byar, oslo og trondheim, slik at strategien kan legge desse til grunn som felles verktøy, i staden for å starte dette arbeidet på nytt.
5. Fylkesutvalet etterlyser ein klar strategi for eit sammenhengende, høystandard sykkelinnett gjennom sentrum.
6. Fylkesutvalet meiner at strategien blir tydeligere ved å gi et klart bilde av kva for strekningar som skal byggjast i 1. og 2. halvdel, jf Nasjonal transportplan. Dei prioriterte rutene som vises på kartene gir ikkje eit slikt klart bilde. Mange av dei prioriterte rutene treng ikke utbygging, da dei går gjennom lite trafikkerte boliggater. Mindre tiltak som oppmerking eller skilting er tilstrekkelig. Ein bør vurdere å nytte fargekart tydeligste i strategiarbeidet: grønn, allerede bygget eller under bygging; rød, høyeste prioritert/kritisk; blå, prioritert.
7. Sykkeltyveri er eit stort problem, og ein undervurder problemstilling. Strategien bør peike på nye måter for å sikre trygg sykkelparkering, f.eks. samarbeid og bruk av offentlige rom og utforming av nye bygg.
8. Strategien omtaler ikkje politikk for underlag. Middelalderbyen har brostein som et viktig element i bybildet, og dette må ivaretas, samtidig bør ein framleis finne betre løysingar for syklistar når gater vert oppgradert.

## Røysting

Hammer sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

## **Innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny sykkelstrategi for Bergen 2019 – 2030, og meiner den svært viktig å komme ut med ein sykkelstrategi som er i tråd med nullvekstmålet og som realiserer dei ambisjonane som Bergen i mange år har hatt for auke i sykkel. Trass i sykkelsatsinga dei seinare åra syner reisevaneundersøkingane for 2008, 2013 og 2018 ein vedvarande låg sykkeldel på 3-4 % av alle reiser i Bergen. Ein har ikkje på noko vis klart å nå måla.
2. Under punkt Sykkelnett, Satsing 1 (s.23): «Det offentlige skal sørge for at tilrettelegging av prioritert del av sykkelnettet». Ansvar: «vegeigarane». Samtidig syner evalueringa til at noko av grunnen til manglande måloppnåing i førra strategi var: «Fagleg usemje som medfører lange planprosessar har vore medverkande til manglande måloppnåing». Strategien peiker ikkje ut ein tydeleg strategi for korleis sikre god dialog og gjennomføringskraft for vegar der kommunen sjølv ikkje er vegeigar, og på kva måte ein skal sikre både sykkel og kollektiv, på bekostning av privatbil. Dette er alt for uklart i utkastet til ny strategi. Sykkelstrategien bør legge opp til tettare samarbeid mellom dei ulike familjøa og ansvarleg myndighet som skal realisere sykkelstrategien. Fylkesutvalet meiner at i mangel av realiserte sykkelvegar og manglande måloppnåing, så bør Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, innafor rammene av miljøloftet, gå saman om å etablere eit sykkelkontor med planleggingskapasitet (etter modell frå bybanekontoret). Sykkelkontoret skal involverast i all trafikkplanlegging og sikre at dei ulike aktørane sit i same rom og har eit felles ansvar for gjennomføring.
3. Gjeldande framlegg til sykkelstrategi nemner knapt omdisponering av veg til privatbil og parkeringsplassar til fordel for sykkel og sykkelvegar. For å kunne realisere dei ambisjonane som sykkelstrategien legg opp, meiner fylkesutvalet at det er behov for å prioritere sykkelvegar framfor vegkapasitet til privatbil og parkeringsplassar i Bergen, og at sykkelstrategien bør tydeleggjere vegar der ein omdisponerer bilveg til syklande.
4. Sykkelnett, Satsing 2: «Premisser for val av sykkelvennleg utforming må klargjerast». Dette er kanskje den viktigaste satsinga å få til, og strategien er uklar. Her burde ein ha klart å legge til grunn god praksis frå andre byar, oslo og trondheim, slik at strategien kan legge desse til grunn som felles verktøy, i staden for å starte dette arbeidet på nytt.
5. Fylkesutvalet etterlyser ein klar strategi for eit sammenhengende, høystandard sykkelveinett gjennom sentrum.
6. Fylkesutvalet meiner at strategien blir tydeligere ved å gi et klart bilde av kva for strekningar som skal byggjast i 1. og 2. halvdel, jf Nasjonal transportplan. Dei prioriterte rutene som vises på kartene gir ikkje eit slikt klart bilde. Mange av dei prioriterte rutene treng ikke utbygging, da dei går gjennom lite trafikkerte boliggater. Mindre tiltak som oppmerking eller skilting er tilstrekkelig. Ein bør vurdere å nytte fargekart tydeligste i strategiarbeidet: grønn, allerede bygget eller under bygging; rød, høyeste prioritert/kritisk; blå, prioritert.
7. Sykkeltyveri er eit stort problem, og ein undervurdert problemstilling. Strategien bør peike på nye måter for å sikre trygg sykkelparkering, f.eks. samarbeid og bruk av offentlige rom og utforming av nye bygg.
8. Strategien omtaler ikkje politikk for underlag. Middelalderbyen har brostein som et viktig element i bybildet, og dette må ivaretas, samtidig bør ein framleis finne betre løysingar for syklistar når gater vert oppgradert.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til ny sykkelstrategi for Bergen 2019-2030, og meiner den gir eit godt grunnlag for å auka delen syklande fram mot 2030.

## **PS 117/19 Svar på høyring - Miljødirektoratet - forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til Miljødirektoratet sitt utkast til forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner.
2. Under §23A-7 «Håndtering av oppsamlet plastholdig løst fyllmateriale» bør det og vere med at dette ikkje berre gjeld oppsamla fyllmateriale, men også gammalt fyllmateriale ved rehabilitering av kunstgrasbaner.
3. Under «§23A-12 Overgangsbestemmelser» går utvalet inn for at forskrifa skal gjelde for nye baner eller ved rehabilitering av baner (alternativ 2)

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

**Tor Andre Ljosland (Krf)** sette fram slikt forslag til vedtak.

«Nytt pkt.4: I fremtiden bør anlegg som ikke inneholder gummigranulat prioriteres for spilemidler og tilskudd fra staten og fylkeskommunene.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.  
Ljosland sitt forslag vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp).

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til Miljødirektoratet sitt utkast til forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner.
2. Under §23A-7 «Håndtering av oppsamlet plastholdig løst fyllmateriale» bør det og vere med at dette ikkje berre gjeld oppsamla fyllmateriale, men også gammalt fyllmateriale ved rehabilitering av kunstgrasbaner.
3. Under «§23A-12 Overgangsbestemmelser» går utvalet inn for at forskrifa skal gjelde for nye baner eller ved rehabilitering av baner (alternativ 2)
4. I framtida bør anlegg som ikkje inneholder gummigranulat prioriterast for spelemidlar og tilskot frå staten og fylkeskommunane.

## **PS 118/19 Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkje**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.
2. Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnegfagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar

gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkelig omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

- 1 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.
- 2 Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnefagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkelig omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.

### **PS 119/19 Nasjonal ramme for vindkraft**

#### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune ser behov for ny fornybar energi og er positiv til heilskapleg planlegging og kunnskapsløftet nasjonal ramme for vindkraft er. Fylkeskommunen meiner metodeutfordringane i nasjonal ramme er store og rår til å fjerne dei 13 kartfesta delområda frå ramma.
2. Hordaland fylkeskommune ser kulturminne som eit av fleire verkty som nyttast i heilskapleg, regional utvikling. Nasjonal ramme for vindkraft kan medføre skader for kulturminne i uakseptabel utstrekning.
3. Nasjonal ramme for vindkraft har for stor uvisse og vesentlege manglar i utgreiinga. Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premiss og metode i utgreiing av kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune har merknader til kulturminne som må leggjast til grunn i det følgjande:
  - a. Vindkraftutbygging må ikkje få negativ verknad på dei tre utvalde Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland som kan verte råka (Etne, Rosendal, Den Indre Farleia).
  - b. Fjordbassenget kring Halsnøy, fjellryggen mellom Etne og Skånevik, Årbakka og området på begge sider av Lukksundet, og Uggdalsdalen er område med høge kulturminneverdiar, som må takast omsyn til.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

**Gunnar Bakke (FrP)** sette fram følgjande felles forslag på vegner av utvalet:

- «1. Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
- 2. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs og er difor imot at det etablerast rammer for i Hordaland fylke.
- 3. Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbare natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
- 4. Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er særskilt omfattande konfliktar knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfold, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.

5. Den føreslårte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.»

## Røysting

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

## Innstilling

- 1 Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
- 2 Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs og er difor imot at det etablerast rammer for i Hordaland fylke.
- 3 Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
- 4 Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er særskilt omfattande konfliktar knytt til planane, m.a. vedrørende regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfold, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.
- 5 Den føreslårte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.

## PS 120/19 Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskot til regional utvikling 2019

### Forslag til innstilling

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2019

| <b>Prosjekt:</b>  | <b>Beløp</b> |
|---|--------------|
| Ovn III - unikt kollektivknutepunkt<br>mill.  | kr. 2, 0     |
| Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten<br>390 000 | kr.          |
| Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for nye Øygarden<br>1,150 mill.                     | kr.          |
| Ferdigstilling av Voss aktivitetspark<br>000  | kr. 660      |
| Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes!<br>mill.                             | kr. 1,0      |
| Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad<br>500 000              | kr.          |

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019

**Kjell Håland (A)** sett fram slikt forslag til vedtak på vegner av Ap, Krf og Sp:

«Endring pkt. 1:

Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2019

| <b>Prosjekt:</b>   | <b>Beløp</b>   |
|--|----------------|
| Ovn III - unikt kollektivknutepunkt  | kr. 1 500 000  |
| Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten | kr. 390 000    |
| Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for nye Øygarden                         | kr. 1 000 000  |
| Ferdigstilling av Voss aktivitetspark  | kr. 660 000    |
| Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes!                           | kr. 650 000    |
| Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad              | kr. 500 000    |
| Flokehyttene ved Ryvarden Kulturfyr  | kr. 1 000 000» |

## Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

## Innstilling

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2019

| <b>Prosjekt:</b>   | <b>Beløp</b>  |
|--|---------------|
| Ovn III - unikt kollektivknutepunkt  | kr. 1 500 000 |
| Kulturhistorisk utbetring av Den stavangerske postveg mellom Bergstø og Hetlefåten | kr. 390 000   |
| Vidareutvikling av Perlene i Nordsjøløypa for nye Øygarden                         | kr. 1 000 000 |
| Ferdigstilling av Voss aktivitetspark  | kr. 660 000   |
| Herdla Fort friluftsområde - der nye opplevelser finnes!                           | kr. 650 000   |
| Etablering av Fjordloftet i den nye Hardangerfjordkommunen Voss herad              | kr. 500 000   |
| Flokehyttene ved Ryvarden Kulturfyr  | kr. 1 000 000 |

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

## PS 121/19 Fråsegn til områdeplan for Lyseparken - Offentleg ettersyn - Os kommune

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os kommune søker å styrke næringsutviklinga i regionen og legge vekt på infrastruktur for energi som grunnlag for vidare utvikling av Lyseparken næringsområde. Men det er manglane samsvar mellom planomtalen som skildrar planen som eit verkemiddel for å «samle grupper av industrielle næringsverksemder», og dei juridiske dokumenta som gjev opning for arbeidsplassintensive (kontor)verksemder, forretning, tenesteyting og bustad.
  2. Områderegulering for Lyseparken legg opp til storstilt utbygging utanfor senterstruktur og regionale vekstsoner og utan ei utbyggingsrekkefølgje som truverdig stør opp om nullvekstmålet. Dette er i strid med *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*, *Regional transportplan*, *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* og *Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*.
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner omfanget av utbygging i planforslaget strir mot regionale og nasjonale mål for areal- og transportutviklinga i området og fremjar difor motsegn til planframlegget.
- i) Planforslaget strir mot retningsline 3.2 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet: *Kommunane bør leggje til rette for arealeffektiv utbygging og setje krav om rekjkjefølgje i utbygging av arealreservane der transportreduserande og arealeffektive prinsipp er lagt til grunn.*

- ii) Planforslaget legg opp til større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar utanfor senterområde utan god tilgjenge for reisande med kollektiv, sykkel og gange. Full utbygging blir bilbasert og stir mot retningsline 6.2 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet; b) *Større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar bør lokaliserast i definerte område for arbeidsplassvekst i fylkessenter, regionsenter og bydelscenter.*
  - iii) Planforslaget stir mot retningsline 7.1 i regional areal- og transportplan for Bergensområdet; *Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelvegar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstilande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.*
  - iv) Planforslaget manglar føringar for opparbeiding og gang- og sykkelvegar inn til området og kollektivløysingar. Utvalet meiner at planforslaget må sette krav om opparbeiding av kollektivterminal gjennom rekkefølgjekrav, som slår inn ved etablering av fleire enn 3000 arbeidsplassar. Kollektivterminalen må ha en ein attraktiv utforming og vere universelt utforma. Utforming bør skje i samråd med Skyss og vere i tråd med *Veileder for helhetlig knutepunktsutvikling*. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kvalitetskrav til kollektivkravterminalen vert nedfelt i føresegne.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planforslaget ikkje i tilstrekkelig grad tek omsyn til naturmangfald og landskap og difor stir mot retningsline 4.3 i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* og *Regional transportplan: Utanfor regionale vekstsoner skal det takast særleg omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv.*
- i) Foreslått utbygging og landskapsinngrep må reduserast i omfang for å følgje opp *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*. Det er knytt motsegn til delfelt KPA2, KBA5, KBA8, KPA9, og føresegnområde #2 i KBA7, som alle grenser opp til og påverkar biologisk mangfald i naturvernområdet NLA. *Motsegna fell bort viss felta blir gjort om til naturvernområde eller lagt til eit seinare byggjetrinn.*
  - ii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det ligg for store rammer for utbygging i byggetrinn 1 (omkring 560.000 m<sup>2</sup>). Dette gjev for svak føreseie av kva som vert bygd kor og når på eit stort areal. Sør-området som ligg nært E39 bør byggast ut først, både for å sikre at grøntareal ikkje vert bygd unødig ned og fordi sør-området har best tilgjenge og kollektivdekning. Utvalet fremjar motsegn til at delfelta BN1 og BN2, KBA1, KBA3, KBA4, KBA6 og o\_BOP vert lagt til 1. byggjetrinn. *Motsegna fell bort viss felta blir lagt til eit seinare byggjetrinn.*
  - iii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at utbyggingsrekjkjefølgja nedfelt i matrisa til føresegns §7.2.1. ikkje er sikra i tilstrekkeleg grad ved at berre massehandtering er gjennomført og intern infrastruktur er etablert. *Motsegna fell vekk om eit byggetrinn vert definert som ferdig utbygd då min. 80% av bygga har fått utstedt ferdigattest.*
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget stir mot føringar i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Føresegne til bygningar og anlegg som nytter formålet forretning, jf. § 4.1.2 er ikkje tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegns § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa i fellesføresegna § 4.1.2. *Motsegna fell bort viss ordlyden i føresegne 4.2.1 vert endra til lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.*

5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen ikke er detaljert nok til å kunne handsama utbygging på byggesaksnivå, og fremjar motsegn til manglende krav til detaljplan for delområde B2, KBA 1-11, BN1, BN2, samt o\_BOP. *Motsegna fell bort om det vert lagt inn plankrav for alle delområda.*
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at busetnad opp til 66 meter over terrengrunn innanfor delfeltet KBA12, utanfor en regional vekstsone, i særlig grad vil utfordre regionale føringar og mål knytt til areal og transport. Utvalet fremjar motsegn til byggehøgde og omfang av utbygging, samt manglende plankrav i KBA12. *Motsegna fell bort om byggehøgda vert redusert og det vert lagt inn plankrav for delområdet*

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

**Tor Andre Ljosland (KrF)** sette fram følgjande forslag:

« Saka vert utsett til neste møte då synfaring 27.09.2019 er gjennomført.»

#### **Røysting**

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte då synfaring 27.09.2019 er gjennomført.